

**Fra:** Gunnar Eide <gunnare2003@yahoo.com>  
**Sendt:** 7. oktober 2014 22:36  
**Til:** Tove Mette Fyllingen  
**Kopi:** Odd Mauset Vabø  
**Emne:** Re: Vedk tvistemål om det skeive huset på skjæret

Takk for svar på forespørsel om hjelp til å berge "Det skeive huset på skjæret".

Svaret er forsåvidt avklarande, men viser at Lindås kommune her kan være rådgjeven av ein advokat utan den spesielle, juridiske kompetansen som gjeld i slike saker. ( jusen her er ikkje vanleg juridisk universitetsfag, men er kompetanse tilknytta NLH/ÅS)

Eg råder difor Lindås kommune til heretter å søke "second opinion" i tilsvarande saker når det gjeld kompetanse. Lokalt har Odd M. Vabø (mangeårig overskjønsmann) særst god kjennskap til denne formen for jus. Han er dessutan ikkje part i saka, og har truleg gjennom åra som tillitsvald lokalpolitikar gjeve mange nyttige råd til Lindås kommune når det gjeld eigedomstilhøve og økonomi. Når det gjeld påstanden om at Lindås kommune ikkje er part i aktuelle, privatrettslege sak, så er dette etter mitt syn ein korttenkt påstand. Dette vil Lindås kommune/ordføraren kunne orientere seg om ved å ta kontakt.

Dersom Lindås Brannvesen no finn på nytt å måtte forlange aktuelle hus rive på eigars kostnad - som brannførebyggjande tiltak (som i 2005), kven skal då ta rekninga? Det er diverre slik at huset no atter er like stor brannfelle og hazard for heile den lokale byggmassen som i 2005, og at brannvesenet snarast kan kome til å måtte forlange huset rive på eigars bekostning. Det er grunn til å rekne med at eigarane av nabobygga på nytt vil forlange det aktuelle huset rive. Kven er då eigar som må ta rekninga?

Det er, slik eg er informert, direkte i Lindås kommune si interesse som part å få avklart ein fastlåst situasjon - der ingen av partane tykkjast å vilja bruke det vanlege rettsapparatet/forlikrådet. (Til disposisjon - Odd M. Vabø er orientert). Truleg vil Lindås Kommune risikere å pådra seg kostnader ved å avvise ansvar i denne saka. (Til disposisjon for sensitiv informasjon - Odd M. Vabø er orientert om dette.)

Det er mogleg at eg er husblind når det gjeld Eknesvågen, men eg er sjølv på ingen måte part i denne saka, utover mangeårig og frivillig engasjementet i å bevare felles kulturarv.

Eg hevdar difor, om naudsynt i avisinnlegg, at Lindås kommune kan som part påberope seg almenne omsyn i denne saka. Lindås kommune er naturleg part gjennom eigarskap/ansvar til brannvesen og tryggleikstiltak for innbyggjarar og eigedomar i kommunen.

Med andre ord at saka rører ved saksområdet ras-, flom- og brannførebyggjande tiltak, der komunen har uomtvisteleg, lovpålagt ansvar.

Eg forventar at Lindås kommune snarast tek kontakt med Odd M. Vabø i denne saka for second opinion.

Subsidiert høyrer saka under Lindås Brannvesen og Fylkesmannen/samfunnssikkerhet og beredskap.

Som kontaktperson og initiativtakar kan eg stadfeste at fylkeskonservator/museumssenter alt sidan 2004/2005 har vore involvert i rehabiliteringa av aktuelle brannfelle - dei kan ingen ting meire gjere i denne tvistesaka utover det store arbeidet og all den støtta dei hittil har gjeve.

Lindås kommune risikerer "svarteper" i spelet om aktuelle privatrettslege sak, dersom kommunen no ikkje innhentar relevant mundtleg informasjon og står uinformert fast ved avvisning av sitt offentlege ansvar.

*Beste helsing  
Gunnar Eide*

On Tuesday, October 7, 2014 10:32 AM, Tove Mette Fyllingen <FTM@lindas.kommune.no> wrote:

[Gunnar Eide](#)

Referanser:

Dykkar:

Vår: [14/6779](#) - [14/22630](#)

Saksbehandlar:

[Astrid Aarhus Byrknes](#)

[ordforar@lindas.kommune.no](mailto:ordforar@lindas.kommune.no)

Dato:

[07.10.2014](#)

## [Vedk tvistemål om det skeive huset på skjæret](#)

Eg takkar for brev frå vedkomande « det skeive huset på skjæret »

Det er jo trist at ein ikkje har kome til semje mellom dei to private partane ( Ove Eknes og Eva Leknes ) i dette eigarforholdet som eg forstår gjeld gnr 239 bnr.17 som altså er omtala som « det skeive huset på skjæret ».

Eg takkar ditt gode engasjement for dette huset som både kulturminne og eit viktig innslag i Eknesvågen. Det som gjer dette vanskeleg er at saka gjeld to private som ikkje er samde. Lindås kommune kan ikkje involvere seg i privatrettslege konflikter kor kommunen sjølv ikkje er part.

Lindås kommune er ofte involvert i jordskiftesaker og andre saker som det må finnast løysing på, men då er kommunen sjølv ein part og det stiller seg heilt annleis då.

No har eg sjekka dette med vår kommuneadvokat om kva vi me kan gjere, og hans klare råd utifrå lovverket er at kommunen ikkje kan involvere seg i privatrettslege forhold.

Så seier han vidare :

Denne saka egner seg nok ikkje for jordskifteretten sidan det er kun eigarforholdet som søkes avklart.

Det er dei ordinære domstolane som vil vere den riktige staden for denne type saker.

Dei som kan krevje jordskifte sak er med få unntak berre

« Eigar av særskilt registrert grunneigedom og nokon som har alltidvarande bruksrett »

( jordskiftelova § 5 )

Lindås kommune har ikkje ein slik tilknytning til denne eigedommen slik at vi kan anlegge jordskiftesak dessverre.

Dersom dette huset kan vere i kategori freda kulturminne så oppmoder eg deg til å ta kontakt med fylkeskonservator eller Hordaland museumssenter, så kan dei vurdere dette, og event setje igong naudsynte prosessar.

Med helsing

[Astrid Aarhus Byrknes](#)  
[ordfører](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
[Gunnar Eide](#)